

---

Saksnr: 2020/48820-17  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		08.12.2020

**Klage på vedtak om løyvefritak til The Fjords DA**

Forslag til vedtak

1. Norled AS si klage vert ikkje teken til følgje.

**Samandrag**

Norled AS har klaga på vedtak om løyvefritak meddelt The Fjords AS for passasjerbåtrute på Sørfjorden i Hardanger, strekninga Odda-Nå-Aga-Lothaus-Tyssedal-Odda.

Fylkesrådmannen har vurdert klaga, men finn ikkje grunnlag for å ta klaga til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Klage over tildeling av løyvefritak til The Fjords - oversending
- 2 Klage frå Norled AS over vedtak om tildeling av løyvefritak til The Fjords
- 3 Søknad om løyvefritak
- 4 VOTF fakta (003)
- 5 Høyring - søknad om løyvefritak
- 6 Søknad om løyvefritak for båtrute i Sørfjorden - melding om vedtak
- 7 Søknad om løyvefritak - melding om vedtak
- 8 200518 Rutetabell
- 10 Søknad om løyvefritak for båtrute i Sørfjorden - melding om vedtak
- 11 Ruteløyve Hardanger\_klage på vedtak\_juni 2020
- 12 Stadfesting av motteke klage

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

The Fjords AS søkte 24.04.2020 om løyvefritak for passasjerbåtrute på Sørfjorden i Hardanger, strekninga Odda-Nå-Aga-Lofthus-Tyssedal-Odda.

Vestland fylkeskommune v/avdeling mobilitet og kollektivtransport innvilga søknaden ved vedtak datert 20.05.2020.

Norled AS klaga på vedtaket ved brev datert 11.06.2020.

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport fann ikkje grunnlag for å oppheve eller endre vedtaket, og oversendte 02.07.2020 klagesaka til den fylkeskommunale klagenemnd.

Vedtakskompetanse

Klagenemnda har vedtakskompetanse, jf. forvaltningslova § 28 (1), jf. reglement for folkevalde organ og delegering punkt 2.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen har i det følgjande referert og vurdert klagegrunnane. Fylkesrådmannen viser for øvrig til klaga i si heilskap.

### Forfeila saksgrunnlag

Klager hevdar at saksgrunnlaget er forfeila, då det av dispensasjonssøknaden til The Fjords går fram at gjeldande konsesjonshavar ikkje har planar om rutedrift i 2020. Fylkesrådmannen legg til grunn at klagar ikkje har ruteløyve for strekninga Odda-Lofthus. Fylkesrådmannen konstaterer at The Fjords si rutedrift møter Skyss si båtrute (utført av Norled AS) på ei kai: Lofthus.

### Vurdering av vilkåra for løyvefritak

Aktuell heimel for dispensasjon er yrkestransportforskrifta § 36 første ledd bokstav a:

«Løyvemyndigheten kan, dersom Norges folkerettslige forpliktelser ikke er til hinder for det, unnta persontransport i rute fra kravet om ruteløyve i følgende tilfelle:

- a) Når det gjelder mindre enn 50 turer i året eller virksomheten drives i mindre enn 3 måneder i året og den er av mindre betydning og ikke skader annen rutetransport»

Alternativet med mindre enn 50 turar i året er uaktuell. Det er alternativet med tre kumulative vilkår som her er aktuell heimel for dispensasjon: Verksemda må ha varigheit mindre enn 3 måneder i året, ho må vere av mindre betydning og ho må ikkje skade anna rutetransport.

Søknaden gjaldt perioden 19.06.2020 til 31.08.2020, og verksemda er soleis innafor ei varigheit på 3 månader. Fylkesrådmannen vil for ordens skuld opplyse om at The Fjords AS seinare søkte og fekk innvilga utvida løyvefritak til 18.09.2020.

Klager har ei rekkje anførsler knytt til vilkåret om at verksemda ikkje må skade anna rutetransport. Fylkesrådmannen slår fast at det ikkje er anna båtrute på strekninga Lofthus-Odda og at ruta heller ikkje er i konkurranse med Skyss sine bussruter. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at eitt felles anløp (Lofthus) inneber skade på Norled si rutetransport. Fylkesrådmannen si vurdering er at vilkåret om at verksemda ikkje skader anna rutetransport objektivt sett er oppfylt.

Når det gjeld vilkåret om «mindre betydning», har fylkesrådmannen ikkje funne nærare rettleiing for vurderingstema i rettskjeldene. Fylkesrådmannen vil først slå fast at det ikkje er krav om at det må vere verksemd av heilt bagatellmessig karakter. Dette følger av yrkestransportforskrifta § 36 første ledd bokstav a si oppbygging, der òg verksemd med fleire enn 50 turar kan vere av mindre betydning. Fylkesrådmannen vurderer det difor slik at òg verksemd av eit visst omfang kan vere av mindre betydning.

I dette høve er det tale om ei verksemd med tre daglege avgangar, innanfor ei avgrensa del av døgnet. Fylkesrådmannen vurderer at tal avgangar og total reisetid konsentrert til ei avgrensa del av døgnet her inneber at vilkåret *mindre betydning* er oppfylt.

#### Skjønnsutøving

Fylkesrådmannen har over gjort greie for at vilkåra for løyvefritak er oppfylt. Som det går fram av yrkestransportforskrifta § 36 første ledd bokstav a, er dette ein kan-føresegn, der forvaltninga kan utøve skjønn.

Fylkesrådmannen finn ingen vektige moment som skulle tilsi at søker i dette høve ikkje vert innvilga løyvefritak.

#### Form og innhald

Klager meiner at vedtaket er mangelfullt då det ikkje presist angir korrekt heimelsgrunnlag og mangler forvaltninga si grunngjeving for om vilkåra i forskrifta er oppfylt.

Fylkesrådmannen konstaterer at underinstansen i si oversending til klagenemnda har klargjort heimelsgrunnlaget. Fylkesrådmannen har i dette vedtak vurdert om vilkåra i yrkestransportforskrifta § 36 første ledd bokstav a er oppfylt. Eventuelle saksbehandlingsfeil er soleis retta opp.

#### Konklusjon

Vilkåra for å gi The Fjords DA løyvefritak er oppfylt. Fylkesrådmannen finn ikkje grunn til å ta klaga frå Norled AS til følge.